

Høyringsuttale frå Modalen kommune, saksnummer NVE 202301154, utbygging av nye Krossdalen transformatorstasjon i Modalen kommune

Innholdsliste

Innleiing og bakgrunn.....	1
Friluftsliv	2
Vegnett og infrastruktur	4
Overskotsmassar og deponi - landskap	5
Lokalt kraftnett.....	6
Tilbakeføring av ubrukt areal	8
Oppsummering og avbøtande krav	8

Innleiing og bakgrunn

NVE har motteke søknad frå Statnett der dei søker om å få byggje nye Krossdal transformatorstasjon ved Krossen/Nygarð i Modalen Kommune. Anlegget som ligg i Krossdalen i dag er eit viktig knutepunkt i nettet, og bind saman kraftoverføringa i frå Sogn, Evanger og vidare mot Bergensregionen.

I høve tiltaket søker også EVINY FORNYBAR AS om spenningsoppgradering av Nygarð Pumpekraftverk under NVE sitt saksnummer: 2023 03592

Statnett er eit nettselskap som er heileigd av staten, selskapet er ansvarleg for å koordinere produksjon og forbruk i det norske kraftnettet(transmisjonsnettet). I søknaden frå Statnett vert det peika på deira samfunnsoppdrag; «gjennom ein effektiv utvikling av nettet er målet å bidra til økt verdiskaping, legge til rette for reduserte klimagassutslipp og opprettholde en sikker strømforsyning».

I Modalen kommune har det vore bygd ut vasskraft sidan tidleg på 1900 talet, men den største utbygginga vart gjort i 1975 då Steinsland kraftverk vart bygd ut på Steinsland, eit område som ligg øvst i Modalen kommune. Nedslagsfeltet til kraftverket grensar mot kommunane Vik, Vaksdal og Høyanger. Kraftverket ligg oppstrøms i enden av det 6 km lange Steinslandsvatnet. Tilknytingspunktet på Steinsland er nytta som forsyning til kommunen samt einaste utvekslingspunkt for lokal småkraftproduksjon etter at kapasitet til alternativ innmating blei dedikert anna produksjon i år 2022. I søknaden frå Statnett der ein vurderer aktuelle områder for utbygging, vert koplingsstasjonen ved Steinsland vurdert slik; «stasjonen er plassert mellom fjellsiden og elveutløpet til Steinslandsvatnet og er både skred og flomutsatt. Vurderingar av naturfarer viser at det vil kreves store tiltak å sikre stasjonen i henhold til sikringsklasse 3 i kraftberedskapsforskriften» [1]. Koplingsanlegget ved Steinsland er relativt nytt og blei sett i drift i år 2019.

Når Statnett no søker om å få byggje ny 420 kV leidning gjennom Modalen, har Krossdalen blitt peika på som det mest eigna området. Allereie i det første kommunestyremøtet den 29.09.22, der Statnett presenterte planane sine for bygging av ein ny transformatorstasjon, og politikarane i Modalen vart kjende med prosjektet slik det var tenkt, vart det uttrykt bekymring rundt planane om nye naturinngrep ved Nygard og Krossdalen. Frå politisk hald blei det poengtert at ein burde prøve å leggje det no omsøkte anlegget til eit eigna område på Steinsland, og slik prøve å samle naturinngrepa til områder der det allereie er utbygd ny tilsvarande infrastruktur i nyare tid. Eit av hovudargumenta var å redusere nye naturinngrep nære hyttefeltet og friluftsområde på Krossen/Nygard, som heilt klart vil bli ramma av den omsøkte utbygginga. I tillegg vil ei spenningsoppgradering frå Nygard Pumpekraftverk medføre ei vesentleg endring med ny 420 kV linje gjennom kjerneområde for tur- og hyttelandskap. Nygard og Krossdalen er det største hyttefeltet i kommunen i dag, og områda rundt en naturlegvis mykje nytta friluftsområde både av innbyggjarane i kommunen men også av regionen. Når Modalen kommune skulle byggje dagsturhytta si, var det nettopp på Steinavatnet ved Krossen/Nygard at innbyggjarane ynskte å plassere denne.

Modalen kommune har gjennom fleire kraftutbyggingar stilt store areal til disposisjon for fellesskapet gjennom dei vasskraftutbyggingar som er gjort i kommunen med tilhøyrande nettanlegg, vegar og anlegg. Frå storstilt vasskraftutbygging bidreg Modalen med produksjonsgrunnlag på 1144 GWh/år frå Eviny Fornybar sine anlegg i kommunen samt er høgfjellsareal nytta som reguleringsmagasin mot Eviny sine kraftverk i Matre-vassdraget og Evanger.

I tillegg er det i dag småkraftproduksjon på om lag 27 GWh/år i kommunen. Potensialet for meir småkraftproduksjon er identifisert til å vere 213 GWh/år der omlag 30 GWh/år er konsesjonsgitt og ventar på bygging samt 5 småkraftverk i planleggingsstadiet med nye konsesjonssøknader [2]. Realisering av ny produksjon frå småkraft har vore hindra av manglande kapasitet i nettilknyttinga. Det har og vore meldt interesse og gjennomført undersøkingar for etablering av ny næring med kraftbehov over gjeldande kapasitet i distribusjonsnett.

Friluftsliv

Nygard, Nystølen, Svartavatnet, Kvitevassdalen med Storfjellet og Nåmdalsfjellet er eit viktig friluftsområde for innbyggjarane i Modalen og for folk i Nordhordland.

Området er brukt sommar som vinter. Sommartid er der beiteområde for dyr, turområde for fastbuande, hyttefolk og tilreisande frå vestlandet. Det er eit lett tilgjengeleg, stort og variert turområde. Området er brukt til fisking, bærplukking, turar, padling og bading. Modalen kommune si dagsturhytte er plassert ved Steinavatnet. Den er mykje brukt heile året.

Nygard er eit regionalt skiområde for Nordhordland. Løyper som er teikna inn på kart frå kartverket, viser friluftsruter med gradering i friluftsruter datasettet. Kartet får ikkje fram den faktiske bruken av området. Her er skiløyper til Dagsturhytta, Kvitvassdalen og storfjellet, og over Svartavatn og til Nåmdalsfjell som er mykje brukt.

Modalen kommune meiner at verdien av friluftbruk i området ikkje kjem godt nok fram i konsekvensutgreiinga. Til døme er ikkje Svartavatnet sin bruk framheva; «*Området inkluderer Svartavatnet og mulige stier eller gangbart terreng rundt. Det er ikke kjent bruk av Svartavatnet, men det har trolig noe verdi for friluftsliv til jakt, fiske og som turterreng.*»



Figur 1 Sti til Nystølen, Nåmdalsfjellet til venstre



Figur 2 Utsyn til Nåmdalsfjellet og 300 kV kraftline Modalen-Steinsland frå dagsturhytta

Figur 1 til Figur 4 på denne og neste side illustrerer at dette er eit mykje brukt turområde, sommar som vinter, særleg til vinterbruk. Kraftmastene frå 300 kV Modalen-Steinsland vil gå rett over området og er vist i Figur 2. Det står liner der i dag, men opplevinga med doble liner med ca. 90 m anleggsgate vil forsterke den negative konsekvensen.

Mykje av kunnskapsgrunnlaget er basert på Statsforvaltaren si kartlegging frå 2007. Området har endra karakter som friluftsområde sidan den gang. Toppturar sommar og vinter er svært populært og det er gjort ei rekkje tilretteleggingar i området.

Konsekvensutgreiinga seier noko om samla verknader: «*Påvirkning for friluftsliv er generelt lav for alle alternativer da de sammenlignes mot et teknisk utbygd nullalternativ. En oppgradering til 420 kV vil bli merkbart, men vil ikke gi vesentlig endring i opplevelse av samlede virkninger.*»

Desse vurderingane er ikkje Modalen kommune samd i. Eit dobbelt lineløp over det mest brukt friluftområdet vårt vil gje ei betydeleg endring i opplevinga av landskapet.»



Figur 3 Skitur med utsyn mot Nåmdalsfjellet



Figur 4 Skitur over Steinavatnet med utsyn retning Nystølen/Svartavatnet

Det er skrive at «det er potensiale for at oppgradert adkomstvei kan erstatte noen av friluftslivsverdiene i delområde 14. Dette forutsetter at eksisterende elementer som øker opplevelseskvalitet og tilrettelegging erstattes. Aktuelle tiltak for å øke attraktiviteten til adkomstveien for friluftslivet er utsetting av benker langs veien og erstatning av skilt.» Dette må følgast opp i detaljplan.

Modalen kommune meiner at verdien av friluftsliv og bruken av området, ikkje kjem godt nok fram i konsekvensutgreiinga. Nygardsområdet er eit svært viktig friluftslivområde, lokalt og regionalt sommar og vinter.

Modalen kommune vil understreke at det er avgjerande viktig for tilrettelegging for friluftsliv, at det vert i synleggjort avbøtande tiltak både i anleggsfasen og etter at anlegga er på plass.

Det er ein føresetnad at skilt blir erstatta og at stiar ikkje vert forringa. Dette gjeld alle stader der det vert gjort inngrep. Dersom sti nettet vert endra må det utformast overgangar slik at sti nettet er samanhengande. Dette vil særleg gjeld Krossdalen, der den gamle ferdselsvegen til Nygard går. Her vil det bli store terrenginngrep.

Modalen kommune må vere tett kopla på arbeidet med detaljplan over området, det er avgjerande at lokalkunnskap vert nytta når store naturinngrep skal koordinerast på beste måte.

Det er vanskeleg å kome med konkrete tilbakemeldingar på kvar det vil vere behov for tilrettelegging og endring av stiar. Det er ein føresetnad at Modalen kommune vert teken med, når detaljplan skal lagast for prosjektet. Då kan vi saman med utbygger lage ein plan for avbøtande tiltak for friluftslivet i Krossdalen og Nygardområdet.

Vegnett og infrastruktur

I høyringsdokumentet finn ein fylgjande beskriving av tiltak om veginfrastruktur og kai;

«Arbeidene med omlegging av vei vil kreve stengeperioder av eksisterende vei for å ivareta sikkerheten til 3.person og samtidig opprettholde en fornuftig fremdrift»

I henhold til alle omsøkte tiltak i Tabell 7: Oversikt over veiinfrastruktur som omsøkes, vil vi presisere viktigheten av at ordninger som ivaretek helse, liv, brann og redning, vert tilrettelagt på ein trygg og forsvarleg måte.

Dersom tiltaka krev vegstengingar (tabell 7), skal kommunen koplast på og vere ein part i planlegginga av tiltaka.

Tiltakshavar pliktar og å syte for gode og forutsigbare avtalar for opning av veg og ferdsel for personell som driftar sjukeheim og heimesjukepleie. Det same gjeld for skuleskyss og transport til og frå barnehage, og pendlarar. Det forutset god planlegging og dialog med kommunen for at ein på beste måte skal kunne leggje til rette for at «fornuftig fremdrift av at arbeidet opprettholdes».

Det omsøkte tiltaket vil i anleggsperioden føre til stor slitasje på vegnettet, både på fylkesveg, kommunal veg og private vegar. Modalen kommune meiner at Statnett må påleggjast å utbetre all slitasje på slike vegar både under og etter at anleggsperioden er over.

Den eksisterande kommunale vegen frå Øvre Helland og opp til Nygard er ein grusa veg. Her er det allereie stor slitasje. Vegen brukast som tilkøyringsveg for hytteområde i Kvanndalen, Nygard pumpekraftverk og som tilkøyringsveg til friluftsområde. I høve ny vegtrase frå Øvre-Helland til Krossdalen bør denne av omsyn til store naturinngrep i størst mogleg grad fylgje eksisterande trase og tilpassast terrenget for å unngå store, høge og skjemmande skjeringar. Avbøtande tiltak for at vegen skal passe inn i landskapet må prioriterast.

Det bør og vere eit krav at det vert lagt straum- og fiberkablar i vegtraseen for å redusere avtrykket av tiltaket på strekninga. Etter at anleggsperioden er over må vedlikehald av den nye vegen som eit minimum vere eit spleiselag mellom kommunen, Statnett og BKK. Den eksisterande vegtraseen vil verte forringa av utbygginga og vil ikkje kunne nyttast på same måte som tidlegare. Utbyggjar må detaljplanleggje konsekvensar for dei som nyttar vegen i anleggsperioden.

Overskotsmassar og deponi - landskap

I Statnett sin søknad kjem det fram at det kan vere til dels store mengder overskotsmassar etter utbygginga, som dei planlegg å deponere i terrenget utafor den nye transformatorstasjonen. Det er planlagt 4 stk deponi. D1 og D2 vert plassert ved den nye transformatorstasjonen og D3 vert plassert ved Tverrelvi og D4 ved kaihack på Eidslandet som ligg i Vaksdal kommune. Kommunen meiner overskotsmassane frå utbygginga kan foredlast som ein ressurs som kan nyttast til samfunnsnytte i kommunen, som til dømes forbetring av eksisterande jordbruksareal, etablering av bustadtomter og anna. Kommunen ynskjer at det skal vere mogleg å kunne opna desse deponia i etterkant ved behov, og at massane kan brukast til framtidige prosjekt, etter avtale med eigarar av deponia.

Det er planlagt 20 (A1 – A 20) anleggsplassar i forbindelse med bygginga. Dette vil øydelegge mykje av landskapet opp mot slik det er i dag. Det er viktig at det detaljplanleggjast korleis landskapet skal tilbakeførast på best mogleg vis etter anleggsperioden er avslutta. Deponia bør sjåast på om dei kan få ein endå betre tilpassing til landskapet. Fargebruk, materialval og fargesetting av master, leidningar og isolator bør tilpassast naturen. Fager på bygg bør tonast ned slik at det passar inn i landskapet.

Det bør vurderast alternativ for å skjerme spesielt transformatorstasjonen. Vegetasjon og eventuelt bruk av voller kan skjerme for innsyn. Berørt natur må førast tilbake til opphavsleg terreng. Dette er viktig for synsinntrykket og heilskapen av landskapet.

Lokalt kraftnett


Regional kraftutredning for Midtre Vestland for perioden 2024 - 2027, peika på at det ikkje finns ledig kapasitet for innmating av kraft (eksport) eller ledig kapasitet for uttak av kraft til forbruk i kommunen internt [3]. Med dette utgangspunktet er det ikkje lagt til rette for å byggje ut meir ny småkraftverk eller til etablering av ny næring med kraftbehov i kommunen.

Figur 5 Forenkla oversiktsskjema med distribusjonsnett i Modalen med eksterne grensesnitt og eigarskap etter omsøkt tiltak. Figur 5 syner ei forenkla oversikt over det lokale kraftnettet med utvekslingspunkt og grensesnitt mellom aktørar etter at det omsøkte tiltaket er bygd gitt beskrivinga i 4.2.1.

Det omsøkte tiltaket legg ikkje til rette for ei forbetring av den lokale nettsituasjonen på nokon måte.

BKK som eig hovuddelen av regionalnettet i regionen Midtre Vestland har ingen regionalnetttlinjer i kommunen. Kraftnettet i Modalen er bygd som eit 22 kV distribusjonsnett og er kopla til Eviny Fornybar Steinsland Kraftverk samt mot BKK sitt 22 kV distribusjonsnett i Eksingedalen via Hellandsfossen-Myster og Eviny Fornybar Myster Kraftverk. Uttak eller innmating av produksjon i det lokale straumnettet er avgrensa til omlag 4 MW, og einaste i innmatingspunkt er Steinsland. Kraftnettet og utvekslingspunkt i Modalen er i all hovudsak utvikla som eit hjelpeanlegg for utbyggingane av Eviny Fornybar sine produksjonsanlegg og er ikkje dimensjonert for vidare utvikling av kommunen, både med omsyn til forbruk eller ny fornybar produksjon frå småkraft. Det er ingen direkte kopling mot regional- eller transmisjonsnett i Modalen, noko som ville vore ei vanleg løysing gitt avstandane og dei sårbare tilkoplingspunktene som utfordrar forsyningstryggleiken til Modalen. Ved ombygging av nye Krossdalen transformatorstasjon og innmating av produksjon frå Steinsland vil fylgjeleg avstanden til overordna nett bli forlenga og ytterlegare redusere forsyningstryggleiken for kommunen. Samt at Statnett sjølve påpeikar at Steinsland har høg risiko for naturfarehendingar (3.4).

Modalen er i nyare tid blitt eit sentralt koplingspunkt for transmisjonsnett med Steinsland og Nygard (Modalen), med knyting mot vest med Matre/Haugsvær, sør mot Evanger og nordaust mot Vik, men det er ikkje etablert avgreiningar som gir nytteverdi for lokalsamfunnet med god kapasitet.



Figur 5 Forenkla oversiktsskjema med distribusjonsnett i Modalen med eksterne grensesnitt og eigarskap etter omsøkt tiltak

Den utbygginga som Statnett no skisserer i sin søknad med nye Krossdalen transformatorstasjon fylgjer trinn 1 (Modalen-Kollsnes) i regional områdeplan for spenningsoppgradering i Bergensregionen til 420 kV [4].

Samstundes vil tiltaket gi regional knyting mot Sogndal som mogleggjer trinn 2 (Sogndal-Modalen).

Bergensregionen er etter Statnett si vurdering i dag eit underskotsområde og med ei betydeleg forventa forbruksauke i næraste framtid. Strategien er derfor å bygja eit sterkt nett i regionen som kan knytte opp fleire produksjonssenter mot Bergensregionen, der Krossdalen transformatorstasjon blir eit sentralt punkt i løysinga.

Samstundes er prognosane frå NVE at Noreg som heilskap styrer mot eit kraftunderskot mot år 2030 [5]. I omtale av ny produksjon i regionen er det få konkrete planar, men at potensialet ligg i land- og havvind, begge alternativa oppgitt med uvisse.

Frå regjeringa og energikommisjonen gjennom NOU 2023:3 1.7 er det satt anbefaling at nettutviklinga skal liggje i forkant [6]. Det er også beskrive at; *«Statnetts mandat må tydeliggjøres for å understøtte de overordnede samfunnsmålene og slik at de kan ligge i forkant med nettinvesteringer.»*

Modalen Kommune stiller seg undrande til, gitt behovet for meir fornybar kraft, at ein i søknaden ikkje har vurdert kva potensialet for ny produksjon eller ringverknader av ei forsterka lokal nettilknytning kan gje for distrikta, i nærleiken av nye og oppgraderte transformatorstasjonar og koplingsanlegg. Statnett sjølv omtalar oppgraderinga til 420 kV som neste generasjons straumnett [3] og tiltaket bør derfor vere i tråd med oppdatert og ønska samfunnsutvikling frå regjeringa (NOU 2023:3).

Siste utdrag frå NVE sin status for småkraft (< 10 MW) vasskraftproduksjon har eit betydeleg potensial der 294 GWh er til behandling og 964 GWh er godkjente konsesjonar [7].

Eit døme der Statnett har vurdert potensialet for ny produksjon frå småkraft ved oppgradering av 300/420 kV transformatorstasjon er ved «Ny 300 (420)/66 (132) kV transformatorstasjon på Leirdøla» som ein del av teknisk løysing i konsesjonssøknaden [8].


Slik me forstår kan Statnett handtere ny produksjon eller forbruk om det blir meldt inn behov med konkrete planar for tilknytning. Dette er ein lite eigna strategi i høve småkraftutvikling eller for å opne nye moglegheiter for næringsutvikling i distrikta der koordinering av effektbehov er utfordrande. I ei tid når regionen og landet som heilskap styrer mot kraftunderskot meiner me at infrastrukturen som kan realisera potensial for ny produksjon i distrikta er eit samfunnsansvar og bør etablerast i høve systemoppgraderingar slik som spenningsoppgraderinga regionalt til 420 kV. Dette er etter vår meining del av intensjonen i NOU 2023:3 1.7.

Eit døme på vurderingar gitt ombygging i ettertid for å legge til rette for ny småkraftproduksjon i 420 kV transformatorstasjon finn ein i Statnett sin samfunnsøkonomiske analyse vedlegg 1; «Økt transformeringskapasitet Samnanger» [9]. Samanfatinga syner at Statnett anbefaler å bygge om stasjonen for å ta inn ny småkraftproduksjon, sjølv med uvisse i potensial for utbygging og dei negative faktorane av auka kostnader ved ombygging av eksisterande anlegg (prosjektetablering, utkoplingsperiode mm.).

Etter vår vurdering er ikkje distrikta gitt tilstrekkeleg prioritet i siste tids kraftsystemutredningar på tvers av regionane, og oppsidene som ligg i det urealiserte potensialet av småkraft og næringsutvikling i distrikta, er ikkje kartlagt i naudsynt grad. NVE utarbeida fram til år 2018 «Status og prognoser for kraftsystemet 2018» der ein i avsnitt 5.1 syner ein landsdekkande oversikt av nettkapasitet for ny småkraftproduksjon [10]. Kartet frå denne tida syner at det er ingen kapasitet til å realisera ny småkraftproduksjon ved fleire av kommunane i Vestland og Rogaland fylker. Dette er kommunar med betydeleg potensial for ny produksjon frå småkraft og

som også ligg innanfor Statnett sitt område for oppgradering til 420 kV transmisjonsnett i kommande byggetrinn i Bergensområdet og Haugalandet [4].

Basert på denne beskrivinga vil me be om at Statnett justerer dei omsøkte tekniske planane og etablerer tilknytingspunkt til 22 kV distribusjonsnett som vist i Figur 6. Dette er eit tiltak som kan realisere lokal næringsutvikling samstundes som det er eit betydeleg potensial for produksjon av ny fornybar energi frå småkraft i Modalen. Men minst like viktig for oss, er styrka forsyningstryggleik i kommunen.



Figur 6 Forenkla oversiktsskjema med distribusjonsnett i Modalen med eksterne grensesnitt og foreslått ny tilknytning ved nye Krossdalen transformatorstasjon

Tilbakeføring av ubrukt areal

Planane i 3.6 beskriv riving av anlegget Modalen (gamle Krossdalen) samt delar av anlegga ved Steinsland.

Men det er ikkje beskrive tiltak for å tilbakeføre områda. Me ber derfor at områda som ikkje lenger blir nytta blir tilbakeført til opphavsleg stand i best mogleg grad og at areal frå rivne anlegg blir opna for allmenn ferdsel.

Etter rivinga av deler av Steinsland vil Statnett slik me forstår, berre ha ein avgang frå Eviny ved Steinsland koplingsanlegg. Modalen Kommune forstår difor ikkje behovet for eit nytt permanent servicebygg som beskrive i 3.7 ved Steinsland, som vil okkupera meir nytt areal eller areal som elles kunne blitt tilbakeført.

Oppsummering og avbøtande krav

For Modalen Kommune vil tiltaket slik det er beskrive i konsesjonssøknaden med ny Krossdalen transformatorstasjon og spenningsoppgradering av Nygard pumpekraftverk gi omfattande negative verknader for det mest verdifulle hytte og rekreasjonsområdet i kommunen.

Modalen kommune meiner at verdien av friluftsbuk i området ikkje kjem godt nok fram i konsekvensutgreiinga. Løysinga vil i tillegg føra til parallelle linjetrasear frå Krossen til Steinsland som kryssar det mest besøkte fjellområdet i kommunen og som er i direkte nærleik til vår dagsturhytte.

Dei føreslåtte tekniske løysingane slik me tolkar det, har ingen positive ringverknader for kommunen med omsyn til friluftsliv, industrietablering eller realisering av potensial for ny fornybar energiproduksjon samt vil ytterlegare forverra forsyningstryggleiken til kommunen.

Derfor framsett kommunen krav om at Statnett må etablera tilknytingspunkt med effektutveksling til lokalt distribusjonsnett ved Krossdalen transformatorstasjon for å forbetra forsyningstryggleiken, legge til rette for ny næring og ny fornybar energiproduksjon i Modalen. Det vil vere urimeleg at ein ved oppføring av eit nytt større nettanlegg ikkje skal ta vare på dei samfunnsinteressene som innbyggjarane i Modalen kommune har.

Modalen kommune framsett i tillegg fylgjande avbøtande krav:

1. Friluftsliv:
 - a. Modalen Kommune skal være rådførande i detaljplan for omlegging av stiar/vegar og tilrettelegging for friluftsliv i det påverka området.
 - b. Linjetrase Krossdalen-Steinsland/Krossdalen-Haugsvær bør leggst skjerna i terrenget for å redusera påverknaden frå området Steinavatnet/Nystølen.
2. Veg og infrastruktur:
 - a. Tiltakshavar pliktar og å syte for gode og forutsigbare avtalar for opning av veg og ferdsel for personell som drifrar sjukeheim og heimesjukepleie. Det same gjeld for skuleskyss og transport til og frå barnehage, og pendlarar. Det forutset god planlegging og dialog med kommunen for at ein på beste måte skal kunne leggje til rette for at «fornuftig fremdrift av at arbeidet opprettholdes».
 - b. I høve ny vegtrase frå Øvre-Helland-Krossdalen bør det leggst straum/fiber i veg for å redusera avtrykket av tiltaket på strekninga.
 - c. Ny veg bør i størst mogleg grad fylgja eksisterande trase.
 - d. Vedlikehald av ny veg til Krossdalen må vere eit spleiselag mellom kommunen og utbyggjar. Den eksisterande vegtraseen vert forringa av utbygginga og vil ikkje kunne nyttast som tidlegare.
 - e. Slitasje på kommunale og private vegar i anleggsperioden skal utbetrast
3. Overskotsmassar og deponi - landskap:
 - a. Overskotsmassane frå utbygginga skal foredlast som ein ressurs som kan nyttast til samfunnsnytte i kommunen som til dømes forbetring av eksisterande jordbruksareal, etablering av bustadtomter og anna. Kommunen er sterk motstandar av enorme deponi i urørt natur.
 - b. Det er viktig at det detaljplanleggjast korleis landskapet skal tilbakeførast på best mogleg vis etter anleggsperioden er avslutta. Deponia bør sjåast på om dei kan få ein endå betre tilpassing til landskapet.
4. Lokalt kraftnett:
 - a. Statnett må etablera tilknytingspunkt med effektutveksling til lokalt distribusjonsnett ved Krossdalen transformatorstasjon for å forbetra forsyningstryggleiken, legge til rette for ny næring og ny fornybar energiproduksjon i Modalen.
5. Tilbakeføring av ubrukt anlegg/areal
 - a. Ved riving av anlegg/anleggsdelar skal Statnett tilbakefører unytta areal og opna opp for allmenn ferdsel.
 - b. Behovet for nytt servicebygg ved Steinsland bør vurderast opp mot verdien av tilbakeføring av mogleg areal.

Kjelder:

- [1] «Forskrift om sikkerhet og beredskap i kraftforsyningen (kraftberedskapsforskriften) - Lovdata». Vitja: 20. oktober 2023. [På nett]. Tilgjengeleg på: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2012-12-07-1157>
- [2] K. Nåmdal, «Småkraftplan for Modalen», Modalen Kommune, Modalen, apr. 2011. [På nett]. Tilgjengeleg på: https://www.modalen.kommune.no/siteassets/plan-bygg-og-eiendom/smakraftplan_modalen_april2011.pdf
- [3] «Regional Kraftsystemutredning for Midtre Vestland 2022-2042», BKK Nett, jul. 2022. Vitja: 31. oktober 2023. [På nett]. Tilgjengeleg på: <https://www.bkk.no/om-bkk/nye-muligheter>
- [4] «Områdeplaner: helhetlig og forutsigbar nettutvikling», Statnett. Vitja: 6. august 2024. [På nett]. Tilgjengeleg på: <https://www.statnett.no/for-aktorer-i-kraftbransjen/planer-og-analyser/omradeplaner/>
- [5] «Tilstanden i kraftsystemet - NVE». Vitja: 6. august 2024. [På nett]. Tilgjengeleg på: <https://www.nve.no/energi/analyser-og-statistikk/tilstanden-i-kraftsystemet/>
- [6] «NOU 2023: 3», Regjeringen.no. Vitja: 14. august 2024. [På nett]. Tilgjengeleg på: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2023-3/id2961311/>
- [7] «Status for ny vannkraftproduksjon - NVE». Vitja: 6. august 2024. [På nett]. Tilgjengeleg på: <https://www.nve.no/energi/energisystem/vannkraft/status-for-ny-vannkraftproduksjon/>
- [8] «Nye Leirdøla transformatorstasjon», Statnett. Vitja: 6. august 2024. [På nett]. Tilgjengeleg på: <https://www.statnett.no/vare-prosjekter/region-vest/leirdola-transformatorstasjon/nyhetsarkiv/nye-leirdola-transformatorstasjon/>
- [9] «Samnanger transformatorstasjon», Statnett. Vitja: 6. august 2024. [På nett]. Tilgjengeleg på: <https://www.statnett.no/vare-prosjekter/region-vest/samnanger-transformatorstasjon/>
- [10] L. Ødegården, *Status og prognoser for kraftsystemet 2018: sammenstilling av data fra kraftsystemutredningene for 2018*. Oslo: NVE, 2018. [På nett]. Tilgjengeleg på: https://publikasjoner.nve.no/rapport/2018/rapport2018_103.pdf